



Klinikk Volda - LSU



Det er utruleg kva vi kan få til når vi jobbar saman :-)




MR tilbygg pågår mars til oktober, riggområde- parkering utvida v Kløvertun

- MR slutført i oktober etter plan
- Akuttrom i akuttmottak også ferdig i slutten av oktober
- Då bli riggen fjerna
- Første sjukehus i HMR som får takhengt rtg. i akuttmottak
- Gåvepengar frå Sparebank 1 Søre Sunnmøre



Betalingsparkering Sjukehuset i Volda

- Frå 1. september 2023 for alle sjukehusa i HMR
- For både besøkande og tilsette
- Inntekter vil m.a. til opparbeiding av parkområde og betre fasilitetar til syklende



Osteoperose poliklinikk frå juni 2023



VI TILBYR

- Undersøking og behandling av osteoporose
- Oppfølging

KONTAKT

Osteoporosepoliklinikken, Volda Sjukehus

70 05 82 00

Kariann Seljeset, osteoperosespl.

Line Vallner, ortoped

• OSTEOPOROSE

- Er det same som beinskjørheit
- Gir betydeleg auka risiko for brot
- Medisinar kan halvere risikoen for nye brot



«På lag
med deg
for helse
di»

Simulering på sjukehuset



SimiLiS i Volda

Kva kan simulering gi av verdi?:

- Auka kompetanse/tverrproffesjonelt samarbeid
- Betre handlingskompetanse
- Auka pasienttryggleik
- Auka kvalitet
- Styrka vegleiingskompetanse
- Ferdighetstrening

Øve Massetilstrømming 16. nov 2023



Tilsettingsprosess

LIS 1



Tilsettingsnemnd

- Olav Brattli, leiar seksjonsleiar kir.
- Oddvar Marøy, representant frå Sjustjerna
- Miriam Wiknes, seksjonsleiar medisin
- Mathias Berg, tillitsvalt
- Mona Ryste, rådgjevar

• Framlegg til Møteplan

- 11. september fordeling av søknader
- 29 september utplukking av kandidatar til intervju
- 12. og 13 oktober intervju – tilsettingsmøte
- 16 oktober (eller 13.oktober) tilsettingsmøte
- Tilbod til kandidatar 1. november


Utskrivingsklare pasientar

Døgn pr sjukehus	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan 23	Feb 23	Mar 23	Apr 23	Mai 23	Juni 23	Juli 23	Aug 23
Kristiansund	155	176	141	195	215	189	309	268	214	167	215	160	128	79	108	103	101	60	145	146
Molde	132	91	143	145	181	103	223	213	163	100	101	146	360	279	363	331	462	530	334	288
Ålesund	176	318	255	212	353	262	105	145	312	174	322	409	263	321	430	224	336	196	160	282
Volda	4	12	21	14	22	19	33	28	11	31	10	17	19	6	23	29	17	21	21	42
HMR	467	597	560	566	771	573	670	654	700	472	648	732	770	685	924	687	916	807	660	758

Pasientar pr sjukehus	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan 23	Feb 23	Mar 23	Apr 23	Mai 23	Juni 23	Juli 23	Aug 23
Kristiansund	25	28	26	18	37	39	26	17	27	25	37	45	31	17	27	19	11	19	24	34
Molde	29	17	20	22	30	12	20	36	22	16	14	20	37	30	43	29	24	46	41	17
Ålesund	48	42	51	27	64	50	30	39	54	30	48	83	49	38	29	28	45	35	37	45
Volda	2	3	8	6	7	5	6	10	5	11	3	6	6	2	7	7	3	5	6	7
HMR	104	90	105	73	138	106	86	102	108	82	102	154	123	87	136	83	83	105	108	103

Pasienter til Akuttmottak pr Kvartal / År

— Volda Sjukehus





For noen tiår siden



Flyfoto frå ein litt annan vinkel. Det har visst vore ei utvikling her. FOTO: UTLÅNT AV HELSE MØRE OG ROMSDAL HF



Dette postkortmotivet er truleg frå seine femti- eller tidlege sekstitallet etter bilane å dæme. No har sjukehuset vakse både til og dit. FOTO: UTLÅNT AV HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

Ein gledesdag for heile distriktet

Privat initiativ har sine sider. Sørre Sunnmøre Sjukehus kom opp, men måtte leggje ned. No er det 75 år sia den vellukka «omstarten» i Volda.

«Sørre Sunnmøre Sjukehus skal byrja drifta onsdag, etter at det har vore stengt i over to år. Då laut det stengjast på grunn av skort på arbeidshjelp, og så for økonomiske vanskar.

Etter at fylket har overteke sjukehuset, har det arbeidd 5-10 mann i fem månader med ominnreiding og ymse volingar under leiing av arkitekt Asbjørn Barstad, Ørsta, og etter dirrektiv av den lokale fylkesvalde nemnda: Disponent Albertsen, banksjef Drablos og fru Solveig Lied.

Overlækjar Kavli Jørgensen har no flutt til Volda frå Drammen med huslyden sin og overteke stillinga. Det var store vanskar med å skaffe han hus. Men bankkasserar Lied og frue løyste vansken med å overlata heile huset sitt til overlækjaren, og sjølv leiga seg inn i ein mindre bustad nede i byen», les vi i Sunnmørsposten frå 13. september 1948.

Fylgjeleg torer 15. september vere sjølvaste Gledesdagen å feire.

Offervilje torer vere eit sentralt omgrep i historia rundt sjukehuset i Volda. Innsamlinga «på liste» starta allereie 1921. Kinnodriftra (O) inngjekk i finansieringa, rett nok etter hard debatt i heradstyret. Både Rikstrygdeverket og sanitetslaget lova og løyvde. Slik kunne arkitekt Thune-Larsen byrje å skisse på



Dette kan neppe vere stort anna enn førsteutgåva av Sørre Sunnmøre Sjukehus, slik det kom opp i 1938. FOTO: UTLÅNT AV HELSE MØRE OG ROMSDAL HF

huset, som ingeniør Nes seinare sette opp.

Så sanneleg draup det pengar også frå Vinmonopolet til utstyr. Men gaver, til dømes frå Kvinneklubben i Volda, var avgjerande. For ikkje å glemme tomta som dei fire grunnlegjarane i Halkjelsvik gav. Fleire bankar heiv seg med på spleiselaget.

«Det er uråd å seigja plent kva alt saman hev kosta – med så mykje gávur in natura. Men huset med utstyr er no av Brandkassa taksert til 450.000 kr», les vi. Omreknin til 2022-pengar, tilsvarende summen drygje 17 millionar kroner.

Kommunane på Sørre Sunn-

møre samla seg 1. mai 1935. Utan trykket frå distriktlækjar Halkjelsvik hadde det truleg aldri blitt noko av tiltaket. Ved opninga mot slutten av januar 1938 vart han då også kalla far for det heile.

«Sørre Sunnmøre hev ikkje sett seg til å venta på ein fylkesplan, men gått til arbeide. Eg helsar med glede at de ikkje venta på det offentlege, men tok saka i eiga hand, helsa fylkesmann Urheim.

Håpet var at institusjonen ville kome under fylkeskommunale vengjer. Det ordna seg med tida, men ikkje utan uhygge og «tenners gnissel». 1946 drog det seg til på rett.

Viktige ord her er personell- og pengemangel.

«Kvifor stogga Sørre Sunnmøre Sjukehus? Alle sjukesystemene sa opp plassane sine. Usemje om vilkåra for overlækjaren», er forklarande titlar i skrivestykket Johan Alvestad fekk på trykk her i bladet 2. september 1946. Han var styreformann.

«Med tilfore av beinvegges spurnad og elles alt det usætande snakke som har gått kring stogginga av Sørre Sunnmøre Sjukehus skal ein så stutt som mogeleg leggja fram dei verkelege fakta som føreligg i denne saka.

Skorten på sjukesysterhjelp har råka alle sjukehus i landet

meir eller mindre», minna han om.

«At der vil verta ein naturleg avgang og skifte av systre og tenarskap elles er ikkje noko rart. Somme vart sjuke, andre gifter seg og må slutta av den grunna, og andre vil gjerne røyne seg under andre tilhøve eller læra meir.

Det var så under krigsåra osso, men skorten på tilgang gjorde at både overlækjaren og styret måtte kneigja dei som ikkje måtte slutta grunna sjukdom, om å vera, og det skal seiast til deira ros, at mange heldt ut og sette personlege omsyn til sides for ikkje å setja sjukehuset i skorfeste, og dei tok på seg eit

arbeidspress som var over det vanlege».

Det kom oversysterhjelp frå Danmark, men ho fór att. «Kva var så å gjera? Habil oversyster var uråd å få, operasjonssystemer likeeins. Dei andre reiste etterkvart utan at det var råd å få nokon i staden. Sjukehuset måtte stogga automatisk».

Så enkelt. Så brutalt. «Det stogga ganske enkelt av seg sjølv grunna vant på sjukesysterhjelp. Dette er den enkle, nakne sanninga, men den er kanskje altfor enkel for slike som likar å gassa seg i slarv og skumlerier», skriv ein måteleg indignert Johan Alvestad.

«Både tilsynsneemd, styre

og forstandarskap ser stoggen som ei ulukke for distriktet, og der vert frå desse si side gjort det ein evner og maktar til å få sjukehuset på fote att så snart som mogeleg. Lat så alle gode krefter samlast om dette».

Og dei så gjorde. 15. september 1948 opna sjukehuset på nytt, og har vel vore i sving sia. Takk og takk!

Vi skuldar også Magnulf Gjersdal, seksjonsleiar for eigeomsdrift Volda, og kommunikasjonsrådgjevar Jim Leander Hansen i Helse Møre og Romsdal stor takk for hjelpa med desse bilde. Signe arbeidet!

Søre Sunnmøre Sjukehus innvoigt.

Kva privat initiativ kan greia.

„Dei gav aldri upp.“

„Ein stor merkedag i Sunnmørssoğa.“

Går Søre Sunnmøre Sjukehus inn i ein fylkesplan?



Overlege Gjessing

Laurdag vart Søre Sunnmøre Sjukehus av byggenemnda yverlevert til forstandarskapet og styret. I det høvet var det skipa til ei høgtid på sjukehuset i middagstida. Tilstades var fylkesmann Utheim, forstandarskapet, sjukehusstyret, lækjarane ved sjukehuset, nokre av distriktslækjarane i Møre, representantar for pressa o. fl.


Form. i sjukehusstyret, bankdirektør A. Vassbotn ynskete velkomen. For desse bygdane er

dit i rett tid. Dei store avstander og kostnaden hadde skapt store vanskar, og mange liv var gått med.

Tal. hadde då kome på den tanken at Volda, det gamle sentret for Søre Sunnmøre, burde få ein institusjon til hjelp for sjuke. Kjøpm. Hjalmar Olsen vart tidleg interessert for tanken. Sameleis kjøpm. R. L. Høidal og E. Rønnestad, gbr. P. Schjelderup o. fl.

I 1921 byrja me samla inn på liste til dette fyremålet. Etter ein hard debatt vedok Volda heradsyre å gjeva konsesjon på drift av kino til innkome for eit sjukehus.

So galdt det å leggja plan for huset, å finna den høvelegaste typen. Me ferte oss — etter tilvising frå medisinaldirektøren — med eit lite sjukehus på Hov i Land. Men personleg var tal. mest tiltalt av eitt i ein by på 50 000 menneske i Tsjekkoslovakiet. Det var overlag praktisk innreidt, og difor billig i drift. Og so kunde det utvidast etter som det trøngst, utan at ein brigda planen.



Søre Sunnmøre sjukehus

nemnd: dokter Halkjelsvik, (form.), sakf. Rønnestad (sekr.), kjøpm. Hj. Olsen (kasserar). Sanitetslaget valde fru Marie Kroken, heradstyret valde drittstyrar J. Asebø, og sidan kom gbr. M. Arflot med.

Arkitekt Thune-Larsen laga teikning til huset, og med. direktøren godkjende den. Etter tilråding frå fylkesmannen gav R. T. V. eit lån på 60 000. Sidan vart dette auka, so me ialt hev fått 140 000 i lån der, herav 30 000 rente- og avdragsfritt. Kinoen hev gjeve god vinst, 5—7000 kr. årleg, fordi arbeid er gjort gratis og ein hev sloppet avgift til stat og kommune. Fylket hev gjeve 60 000 kr. av Vinmonopolpengane til utstyr.

Sjølve huset, bygt av ingeniør Nes, kostar ca. 190 000 kr. Til utstyr hev me fått ei mengd gavor, men ogso gavor, fyrst og fremst frå Kvinneklubben i Volda.

Bvgjetufta — 7 mål iord —

kommunene eig likevel huset i lag.

Distriktlækjar Halkjelsvik yverleverte so sjukehuset til forstandarskapet, til formannen lærar K. Steinsvik.

Styreform. K. Steinsvik: Dette er ein av største merkedagane i Søre Sunnmøres soğa. Hadde me hatt sjukehuset fyrr, kunde mange liv vore sparde, og mykje lidning og sorg. Dette anlegget vil spela mykje inn i folks lukke og velferd.

Søre Sunnmøre hev ca. 30 000 menneske, og er snart fjerdeparten av fylket, so det er naturleg å ha eige sjukehus. Det var svært klokt av nemnda å leggja tiltaket på so breidt grunnlag.

Eit veldigt arbeid ligg attum dette. Og

dr. Halkjelsvik er far for det heile.

Men mange andre hev hjelpt til, ikkje minst fylket.

Å verna um folkehelsa er ei

lev set fram til i fleire år. Me er alle glad for at tanken um eit sjukehus her hev vorte til dyndom. Og me vonar det skal erta til signing i framtida.

Form. i byggenemnda, distriktslækjar J. Halkjelsvik ortalde

soga um dette tiltaket.

Som lækjar i Ørsta og Volda hadde tal. mange gonger røynt for vanskeleg det kunde vera å å sjuke til sjukehus, og kva lidning og låke fylgjar dette hødet for mange at dei ikkje kom



Distriktlækjar Halkjelsvik

rektøren. Han fann arbeidet vårt vonlaust. Me fekk søkja til Nordfjordeid med dei sjuke. Likevel heldt me fram. Og den nye med. direktøren vart interessert. Men Møre fylke stilte seg den gangen avvisande, hadde andre planer.

So gav me upp tanken um å få fylket til å yvertaka drifta, av eit lite sjukehus for 80 000 kr. — og arbeidde framleides med saka. Alle autoritetar rådde oss til å arbeida for eit tipp-topp sjukehus. Rikstrygdeverket gav oss von um eit lån på 30 000, Volda Sanitetslag gav oss 25 000. Då vedtok me å bygja eit sjukehus for 85 000. O. r. sakf. Rønnestad kom med i nemnda. Og han vende seg til autoritetane og til private og offentlege institusjonar um studnad. Det var og han som fekk organisert Søre Sunnmøre um eit sams sjukehus i Volda. Og sidan hev det gått radigt.

O. r. sakf. G. Rønnestad (sekr. i byggenemnda) fortalde so um siste åra.

I 1932 hadde me 85 000 kr. Dei som hadde gjeve tilskot, heldt møte og valde bygge-

rane i Halkjelsvik.

Det er uråd å segja plent kva alt saman hev kosta — med so mykje gavor in natura. Men huset med utstyr er no av Brandkassa

taksert til 450 000 kr.

Sakkunnige reknar at eit distrikt treng godt og vel 2 senger for kvar 1000 innbuarar. Då treng Søre Sunnmøre Sjukehus 60—70 senger. Men me hev ikkje bygt fullt ut etter planene med ein gong. Dette er fyrste byggperiode, med plass til 42 senger. Og det greier seg for det fyrste. Men huset kan lengjast mot aust når det trengst.

Då Volda var for lite uppland for eit sjukehus, vart alle kommunene på Søre Sunnmøre bedne um å organisera seg. Og 1. mai 1935 vart Søre Sunnmøre Sjukehus skipa som eige rettssubjekt og med eige styre. Forstandarskapet er på 12 mann, ein frå kvar kommune. Og dete vel so styret. Volda hev kosta mest på huset. Men so hev og Volda til vederlag fyremunen av at institusjonen er der. Alle

ne. Me ynskjer dei all lukke med arbeidet.

Forstandarskapet takka alle som hev hjelpt til, og ynskete det må verta til hjelp og signing for helle distriktet. Hermed vert sjukehuset yverlevert til styret, ved formannen bankdirektør Vassbotn.

A. Vassbotn: Styret vil halda fram med arbeidet so godt det maktar. Takka byggenemnda, serleg dokter Halkjelsvik, som hev arbeidt i 15—16 år med saka, alltid like ihuga. Takka fylkesmannen for studnaden og velvilje frå fylket. Sameleis alle sanitetslaga på S. Sunnm. Og dei tvo bankane for sin store velvilje. Ogso alle andre, ingeniørane, arbeidarane,

(Forts. side 8.)

Axel Petterson

Aalesund — Telefon 2474

Har utført mosaikarbeid til Søre Sunnmøre Sykehus

Jeg anbefaler mig til alt mosaikarbeid. Innh. anbud